

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Protokoll frå AU-møte 25. august 2015

Protokoll: Møte i arbeidsutvalet
Møtedato: 25.08.2015
Tid: 10:00-12:00
Møteleiar: Mona Hellesnes
Møtestad: Telefonmøte
Referent: Adelheid Nes

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Lars Olsen, Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen, Knut Arne Guri-gard.

Forfall: Martin Smith-Sivertsen

Sakliste:

- AU 15/15 Godkjenning av innkalling og sakliste
- AU 16/15 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 17. juni 2015
- AU 17/15 BI-analyse Arna-Voss
- AU 18/15 Valkamp 2015
- AU 19/15 Førebuande arbeid før årsmøtet 2015
- AU 20/15 Neste AU-møte
- AU 21/15 Eventuelt

AU 15/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet vart varsle gjennom Outlook 12. august. Sakliste og møtepapir vart sendt ut 24. august.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjende.

AU 16/15 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 17. juni 2015

Vedtak: Møteboka for AU-møtet 17. juni 2015 vart godkjent.

AU 17/15 BI-analyse Arna-Voss

BI sin andre del av analysen, Arna-Voss, føreligg no i andre utkast. Det første utkastet vart levert før sommaren som avtalt, men vi var ikkje heilt nøgde med det vi fekk levert. BI har i løpet av sommaren gjort nokre justeringar og tilleggsberekingar, og no ser det betre ut. Vi reknar med å ha den endelege rapporten i hende om kort tid.

Hovudkonklusjonar i rapporten:

- Analysen tek utgangspunkt i to såkalla økonomiske øyar: «Bergen» som forutan Bergen også inkluderer Vaksdal, Samnanger og Osterøy, og «Voss» som er berre Voss kommune. Det er deretter gjort ei tilleggsutgreiing, der det er stokka om slik at kommunane Vaksdal, Samnanger og Osterøy er inkludert i den økonomiske øya «Voss», medan «Bergen» er berre Bergen kommune. Teorien som analysen baserer seg på seier at når to økonomiske øyar vert slått saman, vil verdiskapinga i den minst produktive regionen kunne nå same nivå som i den mest produktive regionen.
- Antal tilsette i desse områda:
 - Bergen (inkl Vaksdal, Samnanger og Osterøy): 153 748
 - Voss: 6635
- Gjennomsnittleg årleg verdiskaping per tilsett i dei to områda (i 2012):
 - Bergen: 760 000
 - Voss: 487 000
- Maks auke i total årleg verdiskaping ved å knyte saman dei to områda:
 - Med Vaksdal Samnanger og Osterøy knytt til Bergen: 554 millionar kroner
 - Med Vaksdal, Samnanger og Osterøy knytt til Voss: 1,3 milliardar kroner

Denne auken vil det ta rundt ti år å oppnå, deretter vil produktiviteten ligge på dette høge nivået i «overskueleg framtid».

Vedtak: Vi utformar eit informativt føreord og får rapportane bundne in. Rapportane vert sendt departementet, dei som har støtta arbeidet samt andre sentrale samarbeidspartnarar. Rapporten om Arna-Voss vert sendt til media saman med PM.

AU 18/15 Valkamp 2015

Diskusjon rundt bordet:

- Vi får positive signal når det gjeld Ringeriksbanen, og alt ligg no til rette for at regjeringa kan fatte eit vedtak, men vi må framleis presse på. Dersom det ikkje kjem meir frå regjeringa om

- vidare framdrift innan utgangen av denne veka (før 30. august), må vi legge press på regjeringa. Det kan bli aktuelt å få til møter med fylkeslaga.
- Vi prøvar å få til ein mediaframstøyt no under valkampen.

Vedtak: Mona og Adelheid koordinerer evt. framstøyt med Hans Erik R. og Lars O.

AU 19/15 Førebuande arbeid før årsmøtet 2015

Årsmøtet 2015 vert tysdag 30. november og Thon Hotel opera er bestilt. I samband med årsmøtet arrangerer vi eit inspirasjonsseminar ca. 10:00-14:00, og vi har alt fått ja fra Elisabeth Enger og ja med forbehold fra John-Ragnar Årseth. Eit av innslaga på seminaret bør vere ein historisk gjennomgang av forumets arbeid til inspirasjon for nye ordførarar.

Skisse til ny strategiplan for perioden 2015-2017 vert sendt ut når vi veit meir om status for Ringriksbanen.

Forslag til vedtak: Mona og Adelheid arbeider vidare med plan for årsmøtet/seminar og ny strategiplan for perioden 2015-2017.

AU 20/15 Neste AU-møte

Forslag til vedtak: Mona og Adelheid kallar inn til neste AU-møte.

AU 21/15 Eventuelt

Ramsar-sekretariatet på befaring i Nordre Tyrifjorden våtmarksområde.

2. juli var Ramsar-sekretariatet på befaring i Nordre Tyrifjorden våtmarksområde. Rapporten frå beferinga vart offentleggjort 11.08. Etter forumets vurderingar kom det ikkje fram nye moment ved denne beferinga, og konklusjonane er godt kjende frå tidlegare uttalar frå Ramsar-sekretariatet. Rapporten tilrår avbøtande tiltak for kryssing av våtmarksområdet, og forumet har tillit til at dette hensynet vert godt ivaretatt av etatane i det vidare planleggingsarbeidet.

Samarbeidsutval for E16/Vossebanen

Hordaland Fylkeskommune har sett ned eit kontaktutval for E16/Vossebanen etter mal frå tilsvarande utval for E39. FNB blir medlem av sekretariatet. Meir info på Hordaland FK si heimeside:

<http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Kontaktutval-blir-padrivar-for-E16-Arna-Voss-og-Vossebana/>